



Ingebjørg Haugland scora begge måla. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jenter 14 frå Rosendal med 6 frå Uskedalen i mannskapet sigra også i dagens kamp i Norway Cup.

Men det var med så liten margin som mogeleg over Hadeland: 2-1!

Dermed skal det mykje til for at dei ikkje skal gå vidare til A-sluttspølet.

Ein uskedeling scora begge måla - det var den utruleg allsidige Ingebjørg Haugland!

Det første sette ho inn etter 9 minuttar og den andre tidleg i andre omgang.

Tidleg i kampen fekk Rosendal straffe, men sette han utanfor.

I 2. omgang rydda keeper Kathrine skikkeleg opp, særleg ved eitt høve. Tonje hadde eit susande frispark frå 18 meter, men det gjekk over mål.

Rosendal hadde seinare nok ein kjempesjansje, utan at nokon klarte å omsette han i mål.

Men det gjekk altså fint likevel.

Av Ola Matti Mathisen